

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 33/2023

2023/EØS/77/05

av 17. mars 2023

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/2077 av 27. oktober 2022 om utpeiking av eit EU-referansesenter med ansvar for det vitenskaplege og tekniske bidraget til innføring og harmonisering av metodar for bevaring av trua rasar og av det genetiske mangfaldet innanfor desse rasane⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr og animalske produkt som egg, embryo og sæd. Føresegner om desse tilhøva skal ikkje gjelde for Island, som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 2.2, etter nr. 37 (delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1940), skal nytt nummer lyde:

- ”38. **32022 R 2077**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/2077 av 27. oktober 2022 om utpeiking av eit EU-referansesenter med ansvar for det vitenskaplege og tekniske bidraget til innføring og harmonisering av metodar for bevaring av trua rasar og av det genetiske mangfaldet innanfor desse rasane (EUT L 280 av 28.10.2022, s. 10).

Denne rettsakten får ikkje anvendelse for Island.”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/2077 på norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 18. mars 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 280 av 28.10.2022, s. 10.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 17. mars 2023.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann